

TILBOD

HFK-16-0093

Reiselivskonsulentar til prosjekt kystpilegrimsleia



INNHALD

del 1	DOKUMENT	3
Del 2	KVALIFIKASJONSKRAV	3
del 3	skisse av leveransen	11

DEL 1 DOKUMENT

1.1. TILBODSBREV

Vedlagt

1.2. ATTERHALD OG AVVIK

Vedlagt

1.3. TEIEPLIKTIGE OPPLYSNINGAR OG EIGENERKLÆRING OM BORTFALL AV TEIEPLIKT

Vedlagt

DEL 2 KVALIFIKASJONSKRAV

2.1 ATTEST FOR INNBETALT SKATT OG MEIRVERDIAVGIFT

Vedlagt

2.2 EIGENANDEL OM VANDEL

Vedlagt

2.3 FIRMAATTEST

Vedlagt

2.4 ÅRSRAPPORT, REVISORSTADFESTA ÅRSREKNESKAP OG OVERSIKT OVER OMSETNINGA DET SISTE ÅRET, OG EVENTUELT MELLOMBELS ÅRSREKNESKAP FOR FJORÅRET.

Vedlagt

2.5 SKILDRING AV DEI 3 MEST RELEVANTE LEVERANSANE FRÅ LEVERANDØREN DEI SISTE TRE ÅRA

REFERANSESKILDRING 1		
Oppdragsgjevar	Sunnfjord Næringsutvikling	Kort skildring av leveransen
Kontaktperson hos oppdragsgjevar	Åshild Seljesæther	NCE T er vald som prosjektleiar for Hovudprosjekt Nasjonale Turistveger Gaularfjell. Prosjektet skal utvikle og pakke saman heilheitlege reiselivsprodukt og klargjere desse for distribusjon og sal i internasjonale marknader. Til saman 14 bedrifter i regionen deltek i nettverket der ein med jamne mellomrom held samlingar for bedriftene og der NCE T leier prosessane med fagleg påfyll, produktutvikling, koordinering og pakketering.
Telefon	905 90996	
E-post adresse		
Tidsrom for utføring	1.1-16-31.1218	
Omfang (timar/økonomi)	Ca. 200 timer pr. år	

REFERANSESKILDRING 2		
Oppdragsgjevar	Dei nasjonale reiselivsklyngene	Nasjonalt Kvalitetssystem
Kontaktperson hos oppdragsgjevar	Trond Amland	Dei nasjonale reiselivsklyngene har gått saman om eit prosjekt der ein ynsker å få utvikla eit nasjonalt system for kvalitets sikring av aktivitets- og opplevingsbedrifter. Dette er eit ynskje frå næringa og undersøkingar syner også at det er eit stort behov for dette. Ein har gjennomført eit forprosjekt og er no i gang med sjølv hovudprosjektet der ein skal utforma systemet, drift og organisering. NCE T er prosjektleiar og sameiner leiinga av prosjektet gjennom ein styringsgruppe der alle reiselivsklyngene er representerte.
Telefon	90855755	
E-post adresse	trond@ncetourism.com	
Tidsrom for utføring	1.9.2014- 31.122017	
Omfang (timar/økonomi)	400 timer pr år.	

REFERANSESKILDRING 3		
Oppdragsgjevar	Lysefjorden Utvikling	Kort skildring av leveransen
Kontaktperson hos oppdragsgjevar	Åshild Hus	Deltakar i styringsgruppa og rådgjevar for vandreprosjektet Lysefjorden Rundt. Prosjektet skal utvikle salbare fleirdagsturar rundt Lysefjorden. Mobilisering og etablering av kommersielle aktiviteter, overnatting, transport, mat er ein viktig del av prosjektet.
Telefon		
E-post adresse	aashild@visitlysefjorden.no	
Tidsrom for utføring	2014-2017	
Omfang (timar/økonomi)	50 t pr.år	

2.6. OVERORDNA SKILDRING AV VERKSEMDA

I 2009 blei Fjord Norge klynga gitt status som Norwegian Centre of Expertise (NCE). NCE programma er etablert for å forsterke innovasjonsaktiviteten i dei mest vekstkraftige og internasjonalt orienterte næringsklyngene i Norge.

NCE Tourism fungerer som ei produktutviklingsavdeling i Fjord Norge og er eit verkemiddel til støtte for utvikling av klynga innanfor dei mål og visjonar som er gjeldande. NCE Tourism skal bidra til å utvikle, teste og kople kjøparar av og tilbydarar av opplevingsprodukt, og dette vert gjort saman med partnarane i klynga.

NCE T jobbar utifrå ein to-dimensjonal modell for produktutvikling. Denne modellen tek utgangspunkt i ein kjerneaktivitet samtidig som den tek i vare dei delprodukt og aktivitetar som er ein del av kunden sitt behov for ei totaloppleving. Ei god forståing av kva som er med i reiselivsproduktet er avgjerande for å vite kva som skal til for å gje kunden den beste opplevinga, oppnå høg kundetilfredshet og skape grunnlag for meir sal.

Vi har derfor knytt til oss partnerar som representerer dei tverrgåande tema, og som, frå deira ståstad bidreg til å utvikle autentiske, unike produkt saman med opplevingsbedriftene. Koplinga mellom, og møteplassen for bedriftene frå dei vertikale klyngene og dei tverrgåande tema fungerer som ein katalysator for utvikling av innovative løysingar på tvers av fag, bransje og innhald.

Dei 6 utvalde vertikale tema i NCE Tourism er:

- Ski & Vinter
- Vandring
- Sykkel
- Kajakk
- Fiske
- Arkitektur

Desse opplevingane er ikkje tilfeldig valde, innanfor desse områda har Fjord Norge eit ressursgrunnlag for å bli verdslaiande. Saman med dei tverrgåande tema vil desse opplevingane trigge reiselyst og byggje opp under den beste merkevara vår i Fjord Norge – naturen og kulturen.

De tverrgåande tema er sett saman avfølgjande hovudelement:

- Fjordkultur
- Infrastruktur
- Kompetanse

Desse har igjen fleire underelement kvar for seg: Kulturarv, matkultur, overnatting, servering, transport, pakking, kvalitetssikring, konseptutvikling, FoU og bærekraft.

Konkrete eksempel på kva NCE Tourism gjer er:

- Prosjektleiingar for bedriftsnettverk med alt frå 4-5 til 20-25 partnerar
- Gjennomføring av fleire prosjekt – både 1-årige og fleirårige.
- Initiativtakarar til ulike prosjekt der NCE Tourism også har utvikla sjølve prosjektideen og prosjektskissa. (Vår prosjektide "Frå viking til pilegrim" er eksempel på ein slik ide)
- FoU-prosjekt der vi hentar inn marknadsdata for å støtte ei marknadsorientert produktutvikling
- Pakketering og utvikling av opplevingsruter – og produkt.
 - Sykkel- og vandreopplevingar over fleire dagar der vi utviklar ruta, definerer innhald, definerer kvalitetssikring, konseptutvikling/marknadsføring, produkttesting med sals- og pakkeledd.
- Salsopplæring, kontakt mellom kjøpar/seljar, prising/kalkyle
- Studietur innanfor dei aktuelle tema

NCE tourism er no inne i vår siste (3.) kontraktsperiode som varar frå 2016-2019.

I NCE Tourism teamet er vi 4 tilsette, alle med lang og brei erfaring frå reiseliv og generelt næringsliv. NCE Tourism har eit breitt kontaktnett i dei 4 vestlandsfylka også utover partner-nettverket. Totalt har NCE Tourism 84 partnerar, fordelt på store aktørar som Color Line, Tide Buss og Avinor, samt hotellkjeder, destinasjonsselskap og større mindre opplevingsaktørar.

NCE Tourism sin visjon:

Fjord Norge-regionen skal bli eit av verdas leiande reisemål innan aktive, naturbasert opplevingar.

NCE Tourism har følgjande delmål:

Delmål1: Profesjonalitet

NCE Tourism skal arbeide for ein profesjonell samarbeids- og innovasjonsplattform innan konsept- og produktutvikling, pakking og distribusjon, arbeidskraft og kompetanse, vertskap og kvalitet. Fasiliteringsplattformen skal baserast på strukturerte og transparente innovasjonsprosessar som inkluderar aktørar i heile nettverket, frå produkt til marknad, regional, nasjonalt og internasjonalt.

Delmål 2: Miljøfokus

NCE Tourism skal arbeide for bærekraft og minimal innverknad på miljøet basert på dei nasjonale anbefalingane og kriterier gitt av Global Sustainable Tourism Council (GSTC/UNWTO)

Delmål 3: Lønnsemnd

NCE Tourism skal arbeide for auka verdiskaping gjennom utvikling av marknadstilpassa og bærekraftige innovasjonar med fokus på kommersialisering og internasjonalisering. NCE Tourism skal vidare arbeide for nye og kjøpesterke kundegrupper, samt tilleggsal av opplevingspakkar frå etablert og nye aktørar.

Delmål 4: Klyngeaktivitetar

NCE Tourism skal arbeide for balansert vekst i aktivitetar som gir verdiskaping gjennom samarbeid, arbeidskraft, kapital, kunnskap, innovasjon, distribusjon, marknader og auka omsetnad/lønnsemnd.

Dag Jarle Aksnes vil vere hovedansvarleg for oppdraget på vegne av Fjord Norge AS v/NCE Tourism

Kontaktperson til prosjektet frå NCE Tourism si side er Synnøve Elisabeth Aabrekk.

Synnøve Elisabeth Aabrekk:

- Lang erfaring som prosjekt- og prosessleiar i reiselivsnæringa, for produkt- og marknadsutviklingsprosjekt, i tillegg til destinasjonsutviklingsprosessar i Segel (19 år):
 - Prosjektleiar for Prosjekt Samordning Rogaland. Samarbeid mellom Region Stavanger, Reisemål Ryfylke og Destinasjon Haugesund & Haugalandet. 2015-2016
 - Utvikla finansieringsmodell for Visit Telemark. 2015
 - Gjennomført Samordningsprosjekt for Destinasjon Ålesund & Sunnmøre, Destinasjon Geirangerfjord & Trollstigen og Reisemål Stryn & Nordfjord. 2013-2014
 - Prosjektleiar for Sagastad – forprosjekt, utarbeiding av salsprospekt fram mot etablering av Stiftinga Sagastad på Nordfjordeid, 2012-2014
 - Gjennomført forprosjektrapport for reiselivsorganisering i Sogn i regi av Sogn regionråd, Desember 2011- Mai 2012.
 - Prosjekt og prosessleiar for interimsstyret for ny reiselivsorganisering i Sogn, September 2012 -Februar 2013.
 - Prosjekteiar for VAKN – Vårt akademi for kultur og næring, fram til etablering av VAKN AS. 2010-2011
 - Management for hire Visit Sognefjord AS, nytt destinasjonsselskap i Sogn, Februar-Juli 2013.
 - Tidlegare styreleiar og Management for hire for destinasjonsselskapet Reisemål Stryn & Nordfjord , 2010-11
 - Strategi og forretningsutvikling
 - Personalansvar
 - Ansvar for fleire delprosjekt
 - Ansvarleg arbeidsgjevar for NCE sin regionkontakt på området vandring
 - Medlem i styret for fellesgodepiloten til Stryn Næringshage og deltok gjennom dette på studietur for fellesgodefinansieringar til Zillertal i Østerrike i 2010.
 - Godkjent prosessleiar for destinasjonsutviklingsprosessar gjennom Innovasjon Norge
 - Sertifisert som prosessleiar for utvikling av berekraftige reisemål, Innovasjon Norge
 - Brei erfaring i bruk av Osterwalder & Pigneur sin Business Canvas modell – forretningsmodellering

Relevante prosjekt som kan nemnast er:

2001: Interreg IIC North Sea Viking Legacy:

Prosjektleder for Eid Utviklings Felles skap si deltaking i Interreg IIC Prosjektet; North Sea Viking Legacy. I dette prosjektet vart det utarbeidd ei rundreise i Nordfjord der viktige kulturminne i dei 7 Nordfjord-kommunane vart beskrive og omtala i fortellar-form og registrerte i ein database: Nordfjordhistorie.no. Her kunne den besøkte på sida "reise" gjennom Nordfjord med Myklebustmannen som følgesven. I tillegg vart det utarbeidd brosjyre og skilta to kulturminne i kvar kommune.

2010-11: VAKN – Vårt akademi for kultur og næring

Prosjektleder og medutviklar av VAKN, Vårt Akademi for kultur og næring. Prosjektleder fram til realisering av VAKN AS. I forprosjektfasen vart første versjon av VAKN-modellen utvikla, ein modell som skal synleggjere kva som skal til for å oppnå verdiskaping gjennom ei kommersialisering av kultur- og kulturprodukt og –minner.

2013-14-15: Prosjektleder for Sagastad

Prosjektleder for Sagastad, utarbeiding av prospekt m.m. inkl. etablering av Stiftinga Sagastad. Markedsvurdering, utvikling og beskriving av innhald i Sagastad, gjennomføring av arkitektkonkurranse på skisseutkast til bygget Sagastad. Prosjektleder fram til etablering av næringsstiftinga.

2013: Effektstudie av opplevingsturisme i Naustdal kommune

Statusanalyse i heile kommunen for alle opplevingar som kan knytast til ei reiselivssatsing; inkl. Vevringutstillinga, andre arrangement, elveigarlag, jakt- og fiskelag.

Gjennomføring av workshop med alle aktørar der ein utvikla bærebjelkar for konseptutvikling, konkretiserte og utvikla og prioriterte tiltak i ein handlingsplan. Framlegg til organisering av utviklinga.

2015: Innleidd for å utvikle prospekt til Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad.

Utvikling av prospekt, ide til, og ansvar for gjennomføring av arbeidsseminar i Selje som vart gjennomført 4.2.2015. På dette arbeidsseminaret vart mulegheitene for ei stifting drøfta, kva den kunne innehalde, kystpilegrimshistorie m.m. Deltakinga på dette møtet var svært godt, med deltaking frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hans Morten Løvrød frå Nasjonal Pilegrimssenter, Olav Gading fung. Biskop i Møre, Åse Bitustøl frå Riksantikvaren, Visit Nordfjord, Nordfjord Vekst, Selje kommune for å nemne nokre. Totalt ca. 30 deltakarar. Det vart også gjennomført workshops- og rundebord diskusjonar der desse ressurspersonane drøfta ulike problemstillingar og kom med viktige innspel til Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad. (Stifta i juni 2015).

2016: Prosjektleder for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet

NCE Tourism er prosjektleder for Nasjonalt Turistveg Gaularfjellet, (Synnøve Aabrekk og Trond Amland i NCE Tourism) eit bedriftsnettverk bestående av 13 bedrifter langs Nasjonal Turistveg Gaularfjellet. Bedriftsnettverket starta i april 2016 opp hovedprosjekt som skal gå over 3 år. I prosjektet skal ein utvikle nye opplevingsprodukt, konseptualisere ruta og pakke ruta til ei heilhetlig reise, legge til rette for booking, marknadsføring og salg.

Per Gunnar Hettervik:

- 3-årig reiselivsutdanning frå Høgskulen på Lillehammer, spesialisering i reiselivsplanlegging og områdeutvikling
- Lang erfaring frå prosjekt og leiar av eigen restaurant- kurs- og konferansesenter (21 år), destinasjonsetablering, turproduksjon og som reiselivskonsulent/-sjef i to kommunar
- Prosjektleder for å etablere salskanalar for kulturturisme for den norsk-amerikanske marknaden 1992-1995. Regionkontakt for den amerikanske PBS produksjonen: The Viking Project 1995
- Prosesseiar for interimstyret for nytt destinasjonselskap for Haugalandet jan-april 1998
- Innleidd som Destinasjonssjef Reismål Haugalandet februar-juni 1999
- Reiselivskonsulent i Tysvær kommune, med ansvar for handlingsplan for reiselivsutvikling 1995-1998
- Reiselivssjef i Suldal kommune, med fokus på opplevingar i Aktiv i Suldal 2002-2006

Relevante prosjekt:

1992-1995 Prosjektleiar for Det norske Utvandrarsenteret, Rogaland Fylkeskommune, Stavanger kommune og Tysvær kommune.

Utarbeiding av prosjekt, konseptutvikling, nært samarbeid med regionale og nasjonale kultur-/reiselivmiljø og amerikanske turoperatører. Det ble utvikla, testa og seld kommersielle pakker som bestod av festivalar, slektsforskning, besøk på museum og slekts gardar til norsk-amerikanarar kalla "Heritage Tours" gjennom den amerikanske turoperatøren Nordic Tours.

Underleverandører i prosjektet:

1. STIFTINGA SANKTA SUNNIVA, SELJA OG STAD

Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad vil vere ein sentral underleverandør i prosjektet. Stiftinga sin kompetanse og erfaring kompletterer NCE Tourism teamet på ein svært god måte. I tillegg har NCE Tourism behov for ein utførande ressurs i prosjektet.

Maria Vengen vil på vegne av stiftinga og NCE Tourism, vere prosjektsekretær og utførande på vegne av koordinering og utvikling av sjøve leia, men vil, saman med NCE Tourism ha ei referansegruppe til å kvalitetssikre arbeidet som vert gjort underveis i prosjektet.

Bakgrunn for Stiftinga si rolle i gjennomføringa av kystpilegrimsleia:

- Seljamiljøet har lang erfaring med pilegrimsarbeid. Ein har no etablert «Sunnivahuset» og "Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad" for utvikling av kulturbasert næringsverksemd, der mykje kunnskap og erfaring om både pilegrimsvandring og kystkultur/kysthistorie er samla. Det ligg verdifull erfaring i dette prosjektet, basert på ovannemnde dokumenterbare aktivitetar.
- Fagleg sett har ein nært samarbeid med NIKU, kulturavdelinga i fylkeskommunen, Riksantikvaren, Universitetet i Bergen, Visit Nordfjord, Fjordkysten og NCE Tourism.
- Stiftinga har oppnemnt ei eiga referansegruppe som støttegruppe til kystpilegrimsprosjektet. Deltakarar i gruppa er Alf Tore Hommedal, Ragna Sofie Grung Moe, Bjørn Jensen, Torkjell Djupedal og Kari Leine Balog. Sjå eige notat med presentasjon av deltakarane. Vedlagt informasjon om deltakarane i gruppa.
- Stiftinga har som klar målsetjing at Det norske kystpilegrimssenteret må leggjast til Selje. Ingen annan stad på kysten har same historiske og praktiske føresetnader for å ha eit slikt pilegrimssenter. Som det går fram av overståande, så har Selje-miljøet gjennom mange år engasjert seg og markert seg innan pilegrimsarbeid i Noreg. I praksis er Selje alt i dag eit kystpilegrimssenter. Det som står att er ei offisiell markering og ei formell tilknytning til nasjonale pilegrimsinstitusjonar.

Riksantikvaren (RA) bestemte i 2005 (St.M. nr 16/2005 «Leve med ruiner») at Selja kloster og helgenanlegg skulle vere eit av hovudsatsingsområda i ruinprosjektet. Det skulle utførast eit konserverings- og opprustingsarbeid for å sikre tilgjenge, bruk og sikkerheit for besøkjande i anlegget. Dette arbeidet skulle vere ferdig i 2012, men sluttdatoen vart seinare flytta til 2015, og på nytt til medio 2020.

Dette førte med seg at aktivitetane rundt klosteret auka monaleg. Som døme på dette, kan ein nemna stifting av venelaget «Venner av Selja kloster», arbeid med både bygningskonservering og kulturlandskap og FoU-prosjekt.

Ein har hatt fylgjande FoU-prosjekt:

- Fly- og bakkebasert laserscan av øya og klosteranlegget
- Oppretting av felles-nordisk prosjekt kalla «Ruins Alive», saman med m.a. Færøyane og Slottsfjellet i Tønsberg, samt interesse frå Island. Pilotprosjekt saman med NIKU.
- Rydding og registrering av kulturminne i tre omgangar på heile øya i regi av Sogn og Fjordane fylkeskommune/Riksantikvaren.
- «Steinens proveniens», eit prosjekt utført av Per Storemyr i samarbeid med Reinsklosteret og klosteret på Hovedøya.

Dette har resultert i rapportar som gjev oss ny kunnskap om Selja generelt, inkl. området på Bø, og klosteret spesielt.

Andre prosjekt:

I tillegg har det vore laga fleire mastergradsoppgåver om klosterbygging på Selja, utført i samband med etablering av både ortodoks kloster og benediktinarkloster. Det har òg vore laga ei masteroppgåve på analyse av kulturlandskap, til saman fire mastergradsoppgåver.

Fagmiljøet rundt Riksantikvaren sitt prosjekt på Selja er solid. Dette gjeld konservering og skjøtsel av kulturminne frå mellomalderen og i like høg grad det historiske perspektivet, med kva har skjedd på Selja, både på klosteranlegget og på t.d. Bø. RA har arrangert mange fagseminar knytt til arbeidet på Selja og prosjektleiarer og andre deltek på «Nordisk Ruinseminar» med innlegg om arbeid og erfaringar frå Selje, samt diskusjonar om felles metodar og problematik.

2. DET KGL. SELSKAP FOR NORGES VEL

NCE Tourism kan innhente ressursar også frå Norges Vel der dette er hensiktsmessig og i tråd med utføring av leveransen. Døme på dette kan vere:

A. Naustopplevingar

Naust og andre bygg i strandsona er ein nasjonal og lokal kulturminne skatt.

Målet er å utvikle ulike typar næringsverksemdar i kystpilegrimsleiene, som vil gi auka verdi med omsyn til kulturlandskapet, og opplevingar knytt til det kulturelle og sosiale for pilegrimane og alle i lokalsamfunna.

Aktuelle nye aktivitetar og produkt i gamle naust og sjøhus er t. d. småskala produksjon av ulike produkt relatert til kystkulturen og med vektlegging av den handlingsborne kunnskapen, kunnskapsformidling, kulturopplevingar, kursverksemd, opplæring, servering og overnatting.

Målgruppa er nautseigarar, reiselivs- og kulturnæringar, bedrifter, skular og helseinstitusjonar, og lokalsamfunna. Det er eit mål å kartlegge aktuelle bygg som i dag alt har ulike tilbod, og som kan verta ein ressurs for Kystpilegrimsleia, og i tillegg gamle bygg som kan utviklast til ny næringsverksemd og verdiskaping langs Kystpilegrimsleia. Dette vil kunne få innverknad på ei framtidig planlegging og forvaltning av strandsoneområda langs Kystpilegrimsleia.

I samråd med eigarane avbygga og andre næringsaktørar, det offentlege og lokalsamfunn vil det verta skissert moglege forslag til nye aktivitetar og opplevingar i bygga som t.d.:

- “Inn på naustet” (jf. tilbod i “Inn på tunet”)
- “Sjå på naustet” (Visuelle opplevingar)
- “Lytt på naustet” (Auditive opplevingar)
- “Skape i naustet” / “Opplevingar i naustet” (“Aktiv” ta del i ulike opplevingar i naustet)
- “Produsere i naustet” (Småskala produksjon av ulike slag i naustet)
- “Ro ut frå naustet”/“Ut frå naustet” – (jf. “Ut på sjøen” - opplevingar knytt til fiske sjøen)
- “Ro ned på naustet” (kurs, overnatting, refleksjon etc.)
- “Smak på naustet” (Ulike produkt som vert presentert, også servering av mat)
- Naustnatt (Overnatting i naust)
- Osv.

I kartleggingsfasen i prosjektet og etterpå, vil eigarar av aktuelle bygg starte prosessen med å til retteleggje for ulike tilbod, og utvikle ny næringsverksemd i gamle bygg. I prosjektperioden skal aktuelle byggeprosjekt kartleggjast, som kan verta vert vidareført i ein fase 2 på dei aktuelle lokalitetane langs Kystpilegrimsleia som ønskjer å bli med. Det er også eit mål å vidareutvikla eit nettverk av næringsaktørar som kan samarbeide og eventuelt slutte seg til Nautsforeninga Nytt i Naust.

Verdiskaping – ny næringsverksemd i bygga

- Konseptutvikling for framtidig bruk av aktuelle bygg til ny næringsverksemd i pilegrimsleia og til beste for lokalsamfunnet – dvs. verdiskaping som inkl. eit tilbod for gode opplevingar i pilegrimsleia, eit gode for

den private nausteigaren til ny næringsverksemd, og eit gode for lokalsamfunnet med auka verdi av kulturlandskapet, styrking av lokalsamfunnet sin identitet

- Gi generelle modellar og løysningar for ein ny bruk av bygga i pilegrimsleia

Kompetanse – spreie nykunnskap og erfaring om bygga som ressurs for ny næringsverksemd

- Informera om resultat og erfaringar i løpet av prosjektet og ved slutten av prosjektet, halde seminar om ny næringsverksemd i bygga på aktuelle stadar i kystpilegrimsleia, og presentere ein mal for korleis kunne bruke bygga i strandsona som ressurs for framtidig planlegging og forvaltning av strandsona i kommunane i Kystpilegrimsleia
- Etablering av nettverk/samarbeid med Naustforeininga Nytt i Naust for inspirasjon og utvikling og deling av ny kunnskap om kulturarven som ressurs for ny aktivitet og næringsutvikling

B: Kystfiskeoppleving

Oppleving ut på sjøen - kystfiske

Mål: Saman med næringsaktørane i utvalte kystkommunar langs Kystpilegrimsleia skal det utviklast eit opplevingskonsept "Ut-på-sjøen" basert på ressursane i kystfisket.

Hovudmålet er gi gode opplevingstilbod i Kystpilegrimsleia og auka verdiskapinga lokalt. Dette skulle oppnås gjennom følgjande delmål:

- 1) Eit nytt opplevingsprodukt for kystbasert reiseliv
- 2) Utnytta fiskefartøy også utanom fiskesesongen i reiseliv for auka aktivitet og verdiskaping
- 3) Kople mottak/produksjonsbedrifter til reiseliv ("havbruk"/fiskemottak)

Prosjektet vil først kartlegge aktuelle kystfiskarar og produksjonsbedrifter langs Kystpilegrimsleia.

I ein fase 2 vil det kunne initierast eit nytt produktutviklingsprosjekt saman med fylkeskommunane, eller eventuelt med utgangspunkt i Innovasjon Norges Nettverksmodell.

Utvikling i nettverk gjennom samlingar med teori og øvinga er ein anerkjent modell som Norges Vel har erfart gir gode resultat.

C: Handverkarar i arbeid

Eksisterande og nye Economusee langs Kystpilegrimsleia.

NIKU

NCE Tourism vil også kunne bruke NIKU på deler av leveransen. NIKU har kontakta NCE Tourism for eit muleg samarbeid på prosjektet.

2.7 FORPLIKTINGSERKLÆRING

Vedlagt.

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad
Det kgl. selskap for Norges Vel

3.1 LEVERANDØREN SI SKISSE AV LEVERANSEN

I denne delen har NCE Tourism skissert korleis vi ser for oss at vi løyser oppdraget:

HA 1:

Ny prosjektoppstart med forslag til framdriftsplan, Administrasjon, møteverksemd, gjennomføring og dokumentasjon i prosjektet.

Målsetting: Sikre god framdrift i prosjektet og at alle hovudarbeidsoppgåver vert gjennomført i tråd med plan og kvalitetssikra undervegs av styringsgruppa.

Viktige underoppgåver i HA 1 er:

- Ta i bruk Informasjon og utarbeidd materiale frå fase 1 i prosjektet
- Inkludere styringsgruppa sine vedtak på prioriterte destinasjonar/kulturminne og utifrå denne lage gode etappevise strekkingar som kan opplevast kvar for seg og som ein heilehet i kystpilegrimsleia
- Syte for at alle interessentar og involverte partar vert gjort kjende med ny prosjektleiing.
- Rapportering og dokumentasjon
- Innkalling til møte og referat/dokumentasjon

Det er viktig at den nye prosjektleiinga greier å skape entusiasme og forankring i kvart fylke og destinasjon for å oppnå eit godt resultat og skape ei levande pilegrimsrute. **Vi vil derfor ta initiativ til møter i kvart fylke/node slik at vi kan treffe kommunane og aktørane og presentere oss for desse.** Ein suksessfaktor her er at etappane som blir utvikla føler seg som ei felles eining og er i stand til å levere ein samanhengande etappe, med alt som det som høyrer med av opplevingar, kulturminne, historie/tradisjon, mat, overnatting og transport. Dersom vi får alle etappane til å fungere, vil det ikkje bli problem å setje saman til ein velfungerande Kystpilegrimsled.

NCE Tourism er allereie godt forankra og har kontinuerlig god dialog med alle destinasjonsselskapa i dei 4 vestlandsfylka. Vi skal prioritere høgt og få den same tillit og forankring i Sør-Trøndelag, eit fylke der vi ikkje er like godt kjende som fylka lenger sør. Det blir derfor viktig for prosjektleiinga og gjerne starte med å bli kjende med dei destinasjonane som er utplukka i Sør-Trøndelag, og vidareføre det gode arbeidet som allereie er gjort i dette fylket i fase I.

Det ligg ved ein framdriftsplan til slutt her, noko grovskissert i forhold til konkrete arbeidsoppgåver. NCE Tourism vil derfor utarbeide ein meir detaljert handlingsplan når vi får oversikt over kva som er gjort i fase I. Det vil også bli lettare å utarbeide denne når vi har vore i kontakt med aktuelle interessentar langs leia slik at vi ser kva som eventuelt "manglar" i kvar etappe, og om det materialet som ligg til grunn er tilstrekkelig for å gå vidare i å utarbeide ei kommersiell reiserute.

Ansvar: Styringsgruppe, Prosjektleiing (Leverandør)

HA 2:

Engasjere kommersielle aktørar t.d. overnatting, servering og transport

Målsetting: Etablere ei kommersiell, tilgjengelig og langsiktig reiserute som det faktisk er muleg å reise – Kystpilegrimsleia – som kan fungere for alle typar reisande; pilegrimar og turistar

Viktige underoppgåver i HA 2 er:

- Partnersøk til alle deler av etappen (transport, mat, overnatting, opplevingar, m.m)
- Etablere eit godt samarbeid mellom desse og dei andre etappane i leia
- Definere kvalitetskriterier for deltaking (døme på dette kan vere at bedriftene har heilårsoppe, er bookbare, etc.)
- Setje desse saman i Kystpilegrimsleia

NCE Tourism vil søkje blant partnarar i NCE Tourism prosjektet og hjå destinasjonselskap for å finne dei rette deltakerane. Bedriftene vil bli tilbodsleverandørar til dei kommersielle pakkane som vert utvikla. Kystpilegrimsleia bør utviklast slik at etappar og heile leia kan bestillast hjå ein turoperatør/incoming operatør, men den må også sjølvsgt kunne gjennomførast på "eiga hand".

Dette må gjerast for å skape trafikk på leia, og gjere det muleg for utanlandske gjester å gjennomføre turen på ein god måte. NCE Tourism trur at dersom vi greier å etablere Kystpilegrimsleia i den internasjonale marknaden, og oppnå vølum, vil ein sikre ei rute som utviklar seg og bidreg til verdiskaping og bærekraft langs kysten.

NCE Tourism vil hjelpe dei deltakande bedriftene til betre å forstå turproduksjon og pakketering, herunder prising med netto/bruttoprising av reiseprodukt, ansvar i følge Pakkereiseloven/Reisegarantifondet, og sal av produkt gjennom ulike kanalar (online og gjennom forskjellige mellom-salsledd)

Definere kriterier for deltaking:

Online bookbare leverandørar:

Aktørane som skal delta må vera bookbare online. NCE Tourism har anbefalt Trekks oft som det beste aktivitets - bookingsystemet på marknaden. Dersom bedriftene har andre system er det viktig at desse kan integrerast med Trekks oft.

Marknaden sin krav til innhald og kvalitet:

Aktørane blir vurdert utifrå dei krava som vert stilt av reisearrangør/incomingoperatør, turoperatør. Prosjektleiinga vil så tidleg som mogleg i prosjektet få med aktuelle operatørar frå t.d. Storbritannia, Tyskland og USA for å få oversikt over deira krav til underleverandørane. NCE Tourism har ein database med namn på kultur- og opplevingsoperatørar i dei aktuelle marknadane. Ein vil og gjennom prosjektet finne fram til dei operatørane som har naturbaserte aktiviteter, pilegrimsvandring og kulturhistorie i sin portefølje.

Ansvar: Prosjektleiing

HA 3:

Involvere ikkje-kommersielle aktørar

Målsetting: Syte for at alle val av ruter og stader langs leia ivaretek Kystpilegrimsleia sitt historiske grunnlag med utgangspunkt i mellomalderens seglingsleier frå Rogaland til Nidaros, religiøse opplevingar, historie- og kulturminneformidling. Syte for at så mykje som muleg av ferda går føre seg til sjøs.

Viktige underoppgåver i HA 3 er:

- Rådgjeving i høve kommunane
- Engasjere og aktivisere kyrkja
- Engasjere og aktivisere frivillige lag og organisasjonar
- Aktivisere nettverk av nausteigarar

NCE Tourism vil her stø seg på fylkeskommunane og kommunane sin kompetanse og nettverk i denne arbeidsoppgåva. Kunnskap og kompetansen frå ressursutvalet i Stiftinga Sankta Sunniva, Selja og Stad, samt frå Norges Vel vil vere uunnverleg her.

NCE Tourism si viktigaste oppgåve under HA 3 vil vere å sy dette saman med dei andre hovudarbeidsoppgåvene, og inkludere materiale og informasjon frå dei ikkje kommersielle aktørane inn i hovudprosjektet.

NCE Tourism har fremja og delteke i prosjektet "Hardanger-Den kulturelle Fjorden" saman med Fartøyvernseieret. Prosjektet har testa ut og sett opp ei kommersiell fastrute mellom landskapsvernområde i Hardangerfjorden.

NCE Tourism deltek i ei prosjektgruppe oppretta av Den Norske Turistforening (DNT) for å skilte og merke kajakkleder langs kysten. Kystpilegrimsleden bør naturleg koplatt på dette prosjektet.

Ansvar: Fylkeskommunane / Oppdragsgjevar, Prosjektleiing

HA 4:

Produktutvikling basert på engasjement i HA 2

Målsetting: Utvikle innhold i etappene og i den totale opplevinga Kystpilegrimsleia. Så langt det let seg gjere, skal etappene og stadane sin eigenart og identitet framhevast og vere sentral i etappen. Dette vil skape entusiasme, forankring, autentisitet og sikre ei betre kundeoppleving.

Viktige underoppgåver i HA 4 er:

- Partnersøk og aktivering av desse i interne nettverk og i det totale nettverket

Serviceleveranse:

Underleverandørane vert invitert til samlingar og workshops for å arbeide med serviceleveranse- og turprogram innhald. Servicemodellen som blir benytta er TOFU (Taking Ownership and Following Up) modellen frå The Whistler Experience (Peter B. Gustavson, School of Business)

NCE Tourism Fjord Norway modellen for produktutvikling:

NCE Tourism har utvikla sin eigen modell for produktutvikling som vil bli brukt i samlingane. Desse gruppene blir invitert: lokalmat/kortreist mat, servering, overnatting, kultur- og handverksverksemdar (som t.d Economusene sine partnarar), kyrkjer, naturbaserte opplevingar som: kajakk, sykkel, båt-transport (skysbåt, robåt evt. RIB), øvrig transport, bil, buss, hestetc. og gjestehamner.

Sertifisering av guidar:

Dersom det viser seg å vere økonomisk handlerom i prosjektet, vil vi forsøke å utvikle eit program for sertifisering av pilegrimsguidar.

Bruk av ny teknologi for sjølvguiding:

I prosjektet er det lagt opp til å utarbeide eit digitalt system for sjølvguiding. Dersom det er økonomisk handlerom i prosjektet/fins prosjektmidlar utanom Kystpilegrimsleia, vil NCE Tourism prøve å knyte dette prosjektet opp mot eksisterande nyteknologi som er under utprøving av NCE Media og Techsperience/Ryfylke IKS. Prosjektet vil også foreslå andre teknologiske løysingar som er knytt opp til serviceleveransen. Produkt som kan forbetre kundeopplevinga vil bli prioritert.

Slik vi har forstått det er det Nasjonalt Pilegrimssenter som godkjenner nye leder, og det er eit sjølv sagt mål at kystpilegrimsleden skal godkjennast som ein eigen led i tillegg til dei (6?) som eksisterer i dag. Ifølgje Løvrød ved Nasjonalt Pilegrimssenter (uttalt på arbeidsseminar i Selje i februar 15) er det avgjerande at infrastruktur og innhald er på plass og fungerer, og at leden har eit lokalt og regionalt engasjement i tillegg. NCE Tourism vil gjere seg kjent med kva kriterium som må vere til stades for at leden skal bli godkjent før vi tek fatt på oppgåva.

Ansvar: Prosjektleiing

HA 5:

Pakketering

Målsetting: Setje saman etappene i ei totaloppleving – utvikle ei tilgjengelig reiserute

Viktige underoppgåver i HA 5 er:

- Kompetanseheving med omsyn til prising, service- og kundenivå
- Diskutere ansvarsfordelingar ved reklamasjonar – korleis skal desse handterast
- Etablere best muleg bookingløysing – dvs. ikkje type program, men delelement som skal inngå i pakketeringa/turproduksjonen. Setje saman etappene på ein slik måte at det blir hensiktsmessig for den reisande; m.a. sikre valfrihet
- "Testreise" alle etappar – om ikkje fysisk alle stader så kvalitetssikre at alt heng saman, fysisk og gjennom bookingkanalar
- Gjennomføre etappesamlingar/workshops – muleg kople saman HA4 og HA 5
- Gjennomføre visningsturar

Det blir utarbeida turprogramforslag med priskalkyler i eigne samlingar med leverandørane, aktuelle reisearrangørar og incoming operatørar. Forslaga blir sendt over til operatørane for kvalitets sjekk. Det blir og gjennomført visningsturar for incomingoperatørar saman med turoperatørane. Turforslaga blir reviderte og justert etter tilbakemeldingar på innhald, service, tid, kvalitet, guidar etc.

Ansvar: Prosjektleiing

HA 6:

Marknadsarbeid og utvikling av kystpilegrimskonseptet

Målsetting: Skape ei autentisk og unik reiseoppleving gjennom eit utval av verdiar, historie, kultur og identitet i kvar region (etappe). Bruke dette til å bygge bærebjelkar for kystpilegrimskonseptet.

Norge og vestlandet med Trøndelag har ei unik autentisk historie som internasjonale reiseaktørar kan misunne oss. To store historiske dimensjonar triggjar global reiselyst – vikinghistoria og pilegrimstradisjon og -historie. Vi har ved utvikling av Kystpilegrimsleia mulegheiter til å kombinere desse to i ei unik reiserute, - både i tid, rom og fysisk i terrenget. Desse dimensjonane vil vere Kystpilegrimsleia sine viktigaste USP (Unique Selling Points), og vere berande element i all marknads- og sals-kommunikasjonen avleia.

Viktige underoppgåver i HA 6 er:

- Definere berande verdiar og identitet i konseptet
- Diskutere og definere val av
 - Kommunikasjonskanalar
 - Salskanalar
- Utvikle logo for Kystpilegrimsleia, pilegrimsmerke, pilegrimspass m.m.
- Utvikle brosjyre
- Utvikle digital app for sjølvguiding

NCE Tourism vil saman med utplukka partnarar, destinasjonar, oppdragsgjevar (med sine partnarar), referansegruppe ha ein workshop der desse elementa vert diskutert og definert. Vi ser ikkje vekk frå at det i materiale som er utarbeidd i fase I også inneheld føringar på dette punktet.

Alle interessentar må føle at "sine prioriteringar" vert høyrde her for å skape god identitet og tilhøyre til konseptet. Det er muleg at dette arbeidet må gjerast i to omgangar;

- a) Gjerast ei "analyse" basert på det materialet som ligg føre og dei destinasjonar som fylka har plukka ut
- b) På basis avdette utarbeide nokre forslag som ein kan drøfte og vidareutvikle på eit arbeidsmøte
- c) NCE Tourism vil hente inn ekspertise på konseptutgreiing på eit slikt møte
- d) Oppsummere og konkludere på konsept

Ansvar: Prosjektleiing, Styringsgruppa, NPS

HA 7:

Sal

Målsetting: Gjennomføre profesjonelt marknads- og salsarbeid for å sikre volum og verdiskaping på Kystpilegrimsleia

Viktige underoppgåver i HA 7 er:

- Kontakte turoperatørar
- Arrangere visningsturar for presse
- Kontakte transportselskap for etablering av tilbod for pilegrimsreisande
- Ta i bruk etablerte salskanalar / Fjord Norge

Basert på kontakten NCE Tourism har hatt med reisearrangørar/incomingoperatørar og turoperatørar skal det utarbeidast kontrakter for leveransar av turen dei neste 3-5 åra.

Nye operatørar får presentert turen gjennom prosjektet, destinasjonsselskap, Fjord Norge og Innovasjon Norge.

Det vert utarbeidd avtaler med andre norske reisearrangørar som Hurtigruta, De Historiske Hotell, Fjord Tours etc. For online sal skal det om muleg utarbeidast avtaler med OTA ´s (online travel agencies) og Adventure travel. Turane/turen skal vere bookbar gjennom destinasjonsselskap og Fjord Norge sine nettsider.

Det skal utarbeidast ein strategi for å kommunikasjon, marknadsføring, kanalval m.m. på alle digitale flater.

Ansvar: Prosjektleiing

HA 8:

Prosjektavslutning

Målsetting: Sikre at leveransen er utført i tråd med intensjon, oppnå godkjenning og i den grad det er muleg, sikre ei god og framtidretta "drift" av Kystpilegrimsleia.

Viktige underoppgåver i HA 8 er:

- Sikre at leveransen og utvikling av leia er i tråd med intensjon
- Oppnå godkjenning
- Synleggjere ein "driftsmodell" for KPL

NCE Tourism sin motivasjon for å levere inn dette tilbudet er å utvikle ei reiserute langs kysten som presenterer vår unike identitet og koplar saman dette i ei adventure oppleving av dimensjonar.

NCE Tourism vil derfor leggje ekstra stor vekt på den kommersielle delen av satsinga, at alle deler i verdikjeda blir kvalitets sikra/har rett kvalitet, og at dette blir ei bærekraftig opplevingsreise som ivaretek natur og miljø, samfunn og sosiale verdiar, og bidreg til sterke, sunne og levedyktige bedrifter langs kysten.

Ansvar: Prosjektleiing, styringsgruppe

HA 9:

Prosjektstyring/administrasjon

Målsetting: Sikre gjennomføring og dokumentasjon.

Viktige underoppgåver i HA 9 er:

- Prosjektstyring
 - Reiseverksemd til alle destinasjonar og etappar. Møter med bedrifter og aktørar langs leia. Vi vil pårekne minimum 5 møter pr. fylke/destinasjon, med 1-2 personar frå prosjektleiinga. Dette er eit særdeles kritisk punkt i gjennomføringa av prosjektet, og det må vere rom for reiser for å vere tett på utvikling og styring av innhald. Vi viser til atterhald om avik på dette punktet.
- Økonomistyring
- Underveisrapportering
 - Underveismøter/Milepælmøter
 - Skissert i leveransen 10 møter dersom vi reknar 1,5 år på gjennomføring av prosjektet
 - I tillegg må ein rekne utstrakt reiseverksemd med alle etappane i såkalla etappemøter og framdriftsmøter
- Sluttevaluering og sluttdokumentasjon

Ansvar: Prosjektleiing, Styringsgruppa

FRAMLEGG TIL FRAMDRIFTSPLAN

TIDS- OG RESSURSPLAN								
Tittel: KYSTPILEGRIMSLEIA								
Dato: 16.6.2016 Revisjon 1.0								
#	Hovudaktivitetar	Ansvar	2016		2017			2018
			3. kv	4. kv.	1. kv	2. kv.	3. kv.	4. kv.
1	HA-01: Ny prosjektoppstart	S, PL						
2	HA-02: Engasjere kommersielle aktørar	PL						
3	HA-03: Involvere ikkje-kommersielle aktørar	S, PL						
4	HA-04: Produktutvikling basert på engasjement i HA 2	PL						
5	HA-05: Pakketering	PL						
6	HA-06: Marknadsarbeid og utvikling av kypilegrimskonseptet	PL						
7	HA-07: Sal	PL						
8	HA-08: Prosjektavslutning	S, PL						
9	HA-09: Prosjektstyring, resultatoppnåelse og evaluering	S, PL						
	STATUSMØTER		x	x	x	x	x	x
	MILEPÆLER		x	x	x	x	x	x
	PL - Prosjektleder							
	S- Styringsgruppa							

Lyseblå markering viser at hovudaktiviteten pågår, men hovuddelen er i mørkare blå, og blir i hovudsak gjennomført/slutført i dette kv.

3.2 CV FOR ENKELTPERSONAR SOM BLIR TILBYDD GJENNOMFØRINGA

Vedlagt.

3.3 UTFYLT PRISSKJEMA I EXCEL-FORMAT

Vedlagt.